

Multiconsult Norge As
Postboks 265 Skøyen
0213 Oslo

Dykkar referanse:

Vår referanse:
26/692, 26/10898

Arkivkode:
L42 478/5

Dato:
29.05.2026

Gbnr. 478/5 - 6280 Søyvik - Endring av anlegg, nytt anlegg og riving av deler av bygget - Vedtak

Behandling:

Delegert sak nummer: 105/26

Dato: 29.05.2026

Tiltak:	Endring av anlegg, ny bru og riving av kai
Byggestad:	Gbnr. 478/5
Tiltakshavar:	Kystverket
Ansvarleg søker:	Multiconsult Norge As
Søknad komplett:	16.03.2026

Delegert vedtak:

Vi godkjenner søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, plankrav i kommuneplanen sin arealdel, reguleringsformålet «naust» i reguleringsplan for Søyvik – Gamlem del 2, arealformålet «friluftsområde i sjø» i kommuneplanen for Haram og veglova § 29, samt søknad om rammeløyve til sanering og riving av eksisterande kai ved Terøybrua og etablering av ny bru på Terøymoloen på gnr. 478 bnr. 5 m.fl.

Tiltaket er godkjent med plassering og utforming som vist på innsendte situasjonsplanar, teikningar og teknisk dokumentasjon.

Protest frå nabo, eigar av gbnr. 476/68, blir ikkje tatt til følge.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Korrigerte teikningar og situasjonsplan må sendast inn før igangsetjingsløyve vert gitt, slik at korrekt siktzone på 10 x 72 meter mot fv. 527 vert innarbeidd i samsvar med uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
2. Skriftlege samtykke frå eigarane av gbnr. 476/6 og 476/118 for tiltak på deira eigedom, samt samtykke frå eigar av gbnr. 476/112 for plassering nærare nabogrense enn 4 meter, må sendast inn før igangsetjingsløyve vert gitt.

Du må også legge fram:

1. Graveløyve frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
2. Arbeidsvarslingsløyve frå Statens vegvesen.
3. Tiltakshavar må avklare med Møre og Romsdal fylkeskommune om det er krav om gjennomføringsavtale.

Du kan søke om igangsetjingsløyve når vilkåra er oppfylt. **Før arbeidet startar må igangsetjingsløyve vere gitt.**

Saksopplysningar

For området gjeld følgande:

1. Reguleringsplan for Søvik – Gamlem del 2 med føresegner, gjeldande frå 29.06.1989.
2. Arealdelen av kommuneplan for Haram med føresegner gjeldande frå 18.06.2020.

Eigedomane er regulert til kjøreveg, annen veggrunn og naust formål og i kommuneplan lagt ut til friluftsområde i sjø.

Tiltaket er nabovarsla. Vi har mottatt merknadar. Eigar av gbnr. 476/68 protesterer mot tiltaket.

Fråsegna frå annan myndigheit

Møre og Romsdal fylkeskommune

Samferdsel

Vi har ikkje merknader til at det blir gitt dispensasjon i saka, men gjer merksam på at siktsone for kryss Terøyvegen/fv. 527 er vist feil i situasjonsplanen som ligg ved samordninga. I staden for siktsone 10 x 54 m skal siktsone vere 10 x 72 m (dette fordi fartsgrensa på fv. 527 forbi krysset er 60 km/t).

Vi minner om at det må bli søkt om graveløyve til Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er noko usikkert på om det er behov for gjennomføringsavtale med fylkeskommunen, og vi ber dykk ta kontakt med Elisabeth Mansfield (e-post elisabeth.mansfield@mrfylke.no) for å avklare om det er behov for gjennomføringsavtale. I tillegg må det søkast om arbeidsvarslingsløyve til Statens vegvesen. For meir informasjon om søknader, sjå: www.mrfylke.no/vegskjema.

Planfaglege vurdering

Det ligg føre eit breitt saksgrunnlag med relevante utgreiingar knytt til geoteknikk, skred- og flomfare, natur- og miljøforhold, samt tekniske teikningar og situasjonsplan. Fylkeskommunen vurderer at dokumentasjonen i hovudsak gir eit tilstrekkeleg grunnlag for å forstå tiltaket og dei overordna konsekvensane av dette.

Frå samferdselsområdet har fylkeskommunen ikkje merknader til at det blir gitt dispensasjon i saka. Det blir likevel gjort merksam på at siktsone for kryss Terøyvegen / fv. 527 er vist feil i situasjonsplanen som ligg ved samordninga. I staden for siktsone 10 x 54 meter skal siktsone vere 10 x 72 meter, då fartsgrensa på fv. 527 forbi krysset er 60 km/t. Dette må korrigerast i vidare planlegging og gjennomføring av tiltaket.

For øvrig legg fylkeskommunen til grunn at faglege tilrådingar i dei framlagde rapportane, og eventuelle vilkår frå sektormyndigheiter, blir følgde opp i vidare prosjektering, byggjesak og gjennomføringsfase. Når det gjeld dispensasjonsspørsmålet, føreset fylkeskommunen at

kommunen gjer ei grundig vurdering etter plan- og bygningslova § 19-2, og at denne vurderinga er godt grunngjeven i vedtaket.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune har, på bakgrunn av ei samla vurdering, ikkje vesentlege merknader til søknaden om dispensasjon og rammetillatelse for Terøybrua når Kystverket er tiltakshavar. Fylkeskommunen føreset at merknader knytt til siktforhold, samt krav om løyve, avtalar og varsling etter vegregelverket, blir følgde opp i det vidare arbeidet.

Statsforvataren i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen merknad.

Vurderingar

Saka gjeld:

Vi viser til søknad Ramme12 mottatt hos oss 16.03.2026 . Søknaden var komplett 16.03.2026.

Du har søkt om rammeløyve til sanering og riving av eksisterande kai ved Terøybrua, samt etablering av ny bru på Terøymoloen på gnr. 478 bnr. 5 m.fl..

Planmessige forhold og dispensasjonar:

De har søkt om dispensasjon frå :

- Pbl § 1-8
- Plankrav i arealdelen til kommuneplanen
- Reguleringsformålet «Naust» i reguleringsplanen for Søvik – Gamlem del 2
- Arealformålet «friluftsområde i sjø» i kommuneplanen for Haram
- Veglova § 29

Søknaden er grunngjeven med at:

- *Etter vår vurdering kan etablering av tiltaket medføre enkelte ulemper for allmenn ferdsel, men kun i anleggstiden – og ikke vesentlige ulemper. Terøybrua er i dårlig stand, og Kystverket ønsker derfor, som offentlig myndighet og samtidig tiltakshaver, å bygge en ny bru. Tiltaket bidrar til å forbedre den offentlige ferdselen gjennom etablering av en ny bru over til Terøya i Haram kommune. Eksisterende bru er i så dårlig tilstand at det allerede i uke 17/2025 ble utplassert en beredskapsbru for å avlaste brua inntil en ny løsning er på plass. Vi vurderer at tiltaket er nødvendig av hensyn til samfunnssikkerhet.*
- *Hele tiltaksområdet omfattes av en detaljreguleringsplan under arbeid, med PlanID 2024006 og navnet Terøy Industriområde gbnr 478/30 (BN-03 KP). Planarbeidet utarbeides av Nordplan, og Multiconsult har hatt dialog med dem i prosjekteringen av det omsøkte tiltaket. Dette sikrer at prosjektet tilpasses den kommende reguleringsplanen og følger kommunens overordnede føringer. Kommunen skriver i sin uttalelse, datert 09.12.2025, til søknad etter forurensningsloven at den permanente fyllingen er i tråd med det pågående planarbeidet for Terøy industriområde, der det er planlagt utvidelse av eksisterende kjørevei samt gang- og sykkelvei langs sørsiden av moloen. De ber om at det likevel søkes dispensasjon fra plankravet i KPA, da den pågående planprosessen ikke kan hjemle tiltaket. Kommunen vil også varsle alle relevante offentlige instanser i forbindelse med denne dispensasjonssøknaden, slik at de kan gi innspill dersom deres interesser berøres. På*

denne bakgrunn vurderes tiltaket å ivareta formålet bak plankravet og bidra til en helhetlig, samordnet og langsiktig utvikling i området.

- Den nye adkomsten til det doble naustet på eiendommene 476/118 og 476/112 vil i realiteten forbedre kjøreforholdene, med riktig kjørebredde og gode siktlinjer. I prosjekteringsprosessen ble alternative plasseringer av adkomstvegen vurdert, noe som viste at den mest hensiktsmessige løsningen innebærer at vegen legges i et annet reguleringsformål. Samtidig medfører ikke denne plasseringen noen begrensning for allmennhetens tilgang til kystlinjen eller den visuelle kontakten med sjøen. Tiltaket innebærer inngrep i landskapet og kystlinjen, men etter vår vurdering bidrar den valgte løsningen til en mer helhetlig utforming av strandsonen, i sammenheng med landskapet mot øst på nordsiden av Terøyvegen.*
- Etter vår vurdering ivaretar tiltaket disse hensynene på en tilfredsstillende måte. Inngrepene er avgrenset og gjennomføres i umiddelbar nærhet til eksisterende infrastruktur, slik at den samlede belastningen på naturmiljø og strandsone blir minimal. Tiltaket legger ikke beslag på arealer som i dag benyttes til friluftsmål, og det reduserer heller ikke allmennhetens mulighet til å ferdes langs sjøen eller oppholde seg i området.*
- Selv om tiltaket plasseres nærmere fylkesvegen enn den generelle byggegrensen på 50 meter, vurderes hensynene bak vegloven § 29 å være godt ivaretatt. Tiltaket innebærer ingen økning i trafikkbelastning eller endringer i kjøremønsteret på fylkesveg 527, og det påvirker derfor ikke trafiksikkerheten negativt. Avstanden på 8,4 meter til midtlinjen holder fortsatt god klaring til kjørebanelen, og tiltaket vil ikke innskrenke siktforhold, tilgjengelighet eller nødvendig areal for drift og vedlikehold av vegen. Videre er tiltaket lokalisert i et område med eksisterende infrastruktur, og inngrepet vil ikke komme i konflikt med fremtidige utvidelsesbehov eller redusere vegens funksjonsevne. Tiltaket er utformet med lav terrengpåvirkning langs vegen og vil fremstå nøkternt i landskapet, uten å skape barrierer for ferdsel eller visuell ulempe for trafikantene.*

Vi kan berre gi dispensasjon om dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, eller lova si føremålsføresegn, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må det vere «klart større fordelar enn ulemper» etter ei samla vurdering, jf., plan- og bygningslova § 19 – 2 andre avsnitt. Det må som utgangspunkt dreie seg om fordelar som er forankra i areal- og ressursdisponeringsomsyn.

Dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 – tiltak i strandsona

Plan- og bygningslova § 1-8 skal ivareta omsynet til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv, allmenn ferdsel og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Føresegna skal bidra til restriktiv praksis i strandsona og sikre at inngrep ikkje fører til privatisering eller nedbygging av sjønære areal.

Omsøkte tiltak gjeld sanering av eksisterande bru og etablering av ny bru på Terøymoloen samt riving av eksisterande kai. Tiltaket er knytt direkte til eksisterande samferdselsinfrastruktur og omfattar ikkje etablering av private tiltak eller nye areal for eksklusiv bruk. Tiltaket skal erstatte ei eksisterande bru som er i svært dårleg teknisk stand, og som allereie har kravd etablering av mellombels beredskapsbru. Kaia på moloen er også i svært dårleg stand med store rustangrep på armering.

Kommunen vurderer at omsyna bak § 1-8 ikkje vert vesentleg sett til side. Tiltaket skjer i eit område som frå før er sterkt prega av tekniske inngrep og eksisterande samferdselsanlegg. Inngrepa vil i hovudsak skje i tilknytning til eksisterande molo og vegstruktur, og tiltaket medfører ikkje vesentleg ny privatisering av strandsona eller reduksjon av allmenn ferdsel langs sjøen. Tiltaket vil heller ikkje stenge for visuell kontakt med sjøen eller hindre allmenn bruk av området utover mellombelse avgrensingar i anleggsperioden.

Ved vurderinga av fordelar og ulemper legg kommunen avgjerande vekt på omsynet til samfunnstryggleik og trygg offentleg ferdsel. Ny bru vil gi ei varig og sikker løysing for tilkomst til Terøya og er viktig infrastruktur for både næringsaktivitet og allmenn ferdsel. Tiltaket vil vidare gi betre standard og trafikktryggleik enn dagens løysing. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmiljø, landskap eller friluftssinteresser utover det som er vanleg ved slike anleggsarbeid.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene. Vilkår for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er dermed oppfylte.

Dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel

Plankravet i kommuneplanen skal sikre ei heilskapleg, føreseieleg og langsiktig arealforvaltning, der konsekvensar for omgjevnadene, infrastruktur, miljø og samfunnstryggleik vert vurderte samla gjennom reguleringsplanprosess.

Det omsøkte tiltaket er omfatta av pågåande reguleringsarbeid for Terøy industriområde med planID 2024006. Det går fram av søknaden at prosjekteringa av tiltaket har vore koordinert med det pågåande planarbeidet, og kommunen har tidlegare uttalt at den permanente fyllinga er i samsvar med hovudgrepa i framtidig planløysing. Tiltaket er vidare godt dokumentert gjennom geotekniske vurderingar, ROS-vurderingar, naturfaglege vurderingar og tekniske teikningar.

Kommunen vurderer at omsyna bak plankravet ikkje vert vesentleg sett til side. Tiltaket er grundig utgreidd, og relevante sektormyndigheiter har fått høve til å uttale seg. Verken Statsforvaltaren eller fylkeskommunen har vesentlege merknader til dispensasjonssøknaden. Tiltaket vil heller ikkje føre til ei uavklart eller tilfeldig arealutvikling, då løysinga er vurdert opp mot pågåande reguleringsarbeid og framtidige samferdselsløysingar i området.

Kommunen legg vidare vekt på at eksisterande bru er i svært dårleg stand, og at behovet for ny bru er akutt av omsyn til tryggleik og samfunnsfunksjonar. Å avvente endeleg reguleringsplan vil kunne føre til unødig forseinking av eit nødvendig samfunnstiltak. Tiltaket er vidare avgrensa til eit konkret og allereie utbygd infrastrukturanlegg, og dispensasjonen vil difor ikkje skape presedens for uønskt arealbruk i området.

Ulempene ved å gi dispensasjon er etter kommunen sitt syn avgrensa. Tiltaket vert behandla gjennom byggesak med krav om oppfølging av fagrapportar og vilkår frå sektormyndigheiter. Kommunen vurderer difor at fordelane ved å kunne gjennomføre nødvendig infrastrukturtiltak utan å avvente full reguleringsprosess er klart større enn ulempene.

Vilkår for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er etter dette oppfylte.

Dispensasjon frå reguleringsformålet «naust»

Reguleringsformålet «naust» skal sikre areal for sjøtilknytt bygningar og tilhøyrande bruk, samt bidra til ei føreseieleg arealdisponering langs sjøen. Formålet skal òg sikre at areala ikkje vert nytta til tiltak som kan vere til hinder for føremålet eller for allmenn bruk av området.

Det omsøkte tiltaket inneber at delar av ny tilkomstveg og tilhøyrande infrastrukturløysingar kjem innanfor areal regulert til naustformål. Tiltaket er vurdert som den mest hensiktsmessige løysinga etter at alternative plasseringar ble gjennomgått i prosjekteringsfasen. Den nye løysinga vil gi betre tilkomstforhold og betre trafikktryggleik til eksisterande nausteigedomar.

Kommunen vurderer at omsyna bak reguleringsformålet ikkje vert vesentleg sett til side. Tiltaket vil ikkje hindre vidare bruk av naust eller redusere funksjonaliteten til naustområdet. Tvert imot vil ny tilkomstveg gi betre framkomst og meir trafiksikker tilkomst til dei aktuelle eigedomane. Tiltaket er avgrensa i omfang og vil ikkje føre til vesentleg endra karakter eller bruk av området. Kommunen legg òg vekt på at området frå før er påverka av veg, molo og annan teknisk infrastruktur, slik at tiltaket ikkje framstår som eit nytt eller framandt inngrep i landskapet. Vidare vil tiltaket ikkje avgrense allmenn ferdsel langs sjøen eller gi auka privatisering av strandsona.

Fordelane ved tiltaket er mellom anna betre trafikktryggleik, betre tilkomstforhold og ei meir funksjonell og heilskapleg løysing for området samla sett. Ulempene er etter kommunen sin vurdering små og i hovudsak knytt til mindre avvik frå gjeldande reguleringsformål.

Kommunen vurderer etter dette at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene, og at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte.

Dispensasjon frå arealformålet «friluftsområde i sjø» i kommuneplanen

Arealformålet «friluftsområde i sjø» skal sikre sjøområde for friluftsliv, ferdsel, opphald og allmenn bruk, samt verne om landskaps- og miljøverdiar knytt til sjøområda.

Tiltaket omfattar etablering av ny bru og tilhøyrande konstruksjonar i eit sjøområde som i kommuneplanen er sett av til friluftsområde i sjø. Tiltaket er direkte knytt til eksisterande molo og samferdselsanlegg og inneber i hovudsak ei vidareføring og oppgradering av eksisterande infrastruktur.

Kommunen vurderer at omsyna bak arealformålet ikkje vert vesentleg sett til side. Tiltaket vil ikkje stenge sjøområdet for allmenn ferdsel eller føre til vesentleg redusert bruk av området til friluftsliv. Inngrepa er avgrensa til eit område som frå før er sterkt påverka av tekniske anlegg og samferdselsstruktur. Tiltaket vil heller ikkje medføre omfattande utfylling eller privatisering av sjøareal utover det som er nødvendig for gjennomføring av ny bru.

Kommunen legg vidare vekt på at det ligg føre relevante fagrapportar knytt til natur- og miljøforhold, og at sektormyndigheitene ikkje har vesentlege merknader til tiltaket. Det er føresett at tilrådingar og vilkår frå fagrapportar og styresmakter vert følgde opp i vidare prosjektering og gjennomføring.

Fordelane ved tiltaket er etter kommunen sin vurdering store. Ny bru vil sikre trygg og stabil tilkomst til Terøya og er viktig for samfunnstryggleik, beredskap og offentlig ferdsel. Tiltaket vil òg gi ei meir robust infrastrukturløysing enn dagens bru. Ulempene for friluftsliv og allmenn bruk av sjøområdet vert vurderte som avgrensa og hovudsakleg mellombelse i anleggsperioden.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene. Vilkår for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er dermed oppfylte.

Dispensasjon frå veglova § 29 – byggegrense mot fylkesveg

Føremålet med byggegrense etter veglova § 29 er å sikre trafikktryggleik, gode siktforhold, drift og vedlikehald av vegnettet, samt å ta vare på framtidige behov for utbetring og utvikling av vegen.

Tiltaket er plassert nærare fylkesveg 527 enn ordinær byggegrense på 50 meter. Det er opplyst at avstanden til vegens midtlinje vert om lag 8,4 meter. Tiltaket gjeld etablering av ny bru og tilhøyrande infrastrukturløysing knytt til eksisterande samferdselsanlegg.

Kommunen vurderer at omsyna bak byggegrensa ikkje vert vesentleg sett til side. Tiltaket vil ikkje medføre auka trafikkmengde eller endra trafikkmønster på fylkesvegen. Tiltaket er vidare vurdert av fylkeskommunen som vegstyresmakt, som ikkje har merknader til dispensasjon, men føreset at krav til siktsone vert korrigerde og ivaretekne i vidare prosjektering. Kommunen legg stor vekt på denne faglege vurderinga.

Tiltaket vil ikkje hindre drift eller vedlikehald av fylkesvegen, og kommunen kan heller ikkje sjå at tiltaket vil vere til hinder for framtidige vegtiltak. Området er frå før prega av eksisterande veg- og moloanlegg, og plasseringa framstår som naturleg i samanheng med eksisterande infrastruktur.

Fordelane ved dispensasjon er etter kommunen sin vurdering store. Tiltaket er nødvendig for å etablere ei trygg og varig bruløysing til Terøya og vil betre samfunnstryggleik og framkomst. Ulempene er avgrensa, og kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil gi negative konsekvensar for trafikktryggleik eller vegfaglege omsyn når vilkåra frå fylkeskommunen vert følgde opp.

Kommunen vurderer etter dette at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene, og at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte.

Naturmangfaldlova

Tiltaket er vurdert i samsvar med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12, som omfattar krav til kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning. Det er gjennomført kontroll i Artsdatabanken og Naturbase hos Miljødirektoratet. På bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap og registreringar i aktuelle databasar vert det vurdert at tiltaket ikkje vil medføre vesentlege eller negative konsekvensar for naturmangfaldet eller det berørte området.

Tiltaket er lokalisert i eit område som frå før er påverka av eksisterande samferdselsanlegg, molo og teknisk infrastruktur. Inngrepa er avgrensa til område som i stor grad allereie er teknisk opparbeidde eller påverka av menneskeleg påverknad. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil

medføre vesentleg forringing av viktige naturtypar, leveområde for artar eller andre miljøverdiar av særleg verdi.

Etter kommunen sin vurdering ligg det føre eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å fatte vedtak i saka, jf. naturmangfaldlova § 8. Føre-var-prinsippet i § 9 vert vurdert å vere ivareteke gjennom dei utgreiingane og vurderingane som er gjort i samband med søknaden. Kommunen legg vidare til grunn at tiltaket ikkje vil føre til ei vesentleg auka samla belastning på økosystemet i området, jf. § 10.

Samfunnstryggleik

I samsvar med plan- og bygningslova § 28-1 første ledd skal byggverk og arealbruk plasserast slik at det ikkje oppstår fare for liv, helse, miljø eller materielle verdiar som følgje av natur- eller miljøforhold. Byggjeløyve kan ikkje givast før det ligg føre tilstrekkeleg dokumentasjon som viser at området har tilfredsstillande tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe, eller at slik tryggleik kan oppnåast gjennom eigna sikringstiltak.

Det ligg føre relevante fagrapportar og vurderingar knytt til geoteknikk, skredfare og andre naturfarar. Kommunen legg til grunn at prosjekteringa er utført av kvalifiserte fagmiljø, og at nødvendige avbøtande tiltak og tekniske løysingar vert følgde opp i vidare detaljprosjektering og gjennomføring.

Krava til tryggleik og sikring etter plan- og bygningslova § 28-1 er vurderte og ivaretekne gjennom plan- og byggjesaksprosessen, og det vert lagt til grunn at føresetnadene for trygg arealbruk er oppfylte. Kommunen legg særleg vekt på at tiltaket skal erstatte eksisterande bru med dokumentert dårleg teknisk tilstand, og at etablering av ny bru vil bidra til betra samfunnstryggleik, framkomst og beredskap i området. I tillegg skal ei eldre allmenningskai i dårleg stand rivast

Visuelle kvalitetar

I samsvar med plan- og bygningslova § 29-2 skal tiltak prosjekterast og utførast slik at dei, etter kommunen sitt skjønn, har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølve og i høve til funksjon, plassering og samanheng med dei bygde og naturgjevne omgjevnadene. Utforming, volum, materialbruk og estetiske kvalitetar skal bidra til ei heilskapleg og god tilpassing til omgjevnadene.

Omsøkte tiltak omfattar etablering av ny bru og tilhøyrande infrastrukturanlegg i eit område som frå før er prega av eksisterande veg, molo og tekniske anlegg. Tiltaket er utforma med utgangspunkt i eksisterande terreng og infrastruktur, og kommunen vurderer at løysinga framstår som funksjonell og naturleg tilpassa omgjevnadene.

Det vert vidare lagt vekt på at tiltaket i hovudsak erstattar eksisterande konstruksjonar og ikkje inneber omfattande nye terrenginngrep utover det som er nødvendig for gjennomføring av tiltaket. Brua og tilhøyrande anlegg vil framstå som ein integrert del av den eksisterande samferdselsstrukturen i området.

Det vert vurdert at byggetiltaket sitt volum, form og utforming er godt tilpassa og harmonerer med dei kringliggjande omgjevnadene. Tiltaket er vidare vurdert å ha ei nøktern og funksjonell utforming tilpassa området sin karakter.

På denne bakgrunnen konkluderer kommunen med at tiltaket oppfyller krava til gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til funksjon, plassering og samanheng med bygde og naturgjevne omgjevnader, jf. plan- og bygningslova § 29-2.

Byggehøgder og plassering, inkludert høgdeplassering:

Avstand til nabogrenser og andre bygg på eigedomen som vist på situasjonsplan.

Tiltaket sin plassering og høgde skal påvisast av føretak med nødvendig godkjenning.

Merknader frå naboar og andre:

Merknader frå eigar av gbnr. 476/68

Hvor er dette er det på moloen det gjelder ja min Onkel eiger nauste i krysse ute ved moloen nauste ligger på sydsiden av moloen så er det det som kommer i Klemme for utbyggingen.

Kommentar frå ansvarleg søkjar

Tiltakshaver (Kystverket) har tidligere vært i direkte kontakt med eieren av 476/118 og 476/6, naustene som ligger nærmest tiltaksområdet, samt eierne av 476/6 og 476/172. Kystverket innhenter skriftligsamtykke fra eierne av 476/6 og 476/118 for at tiltaket ligger delvis i dere eiendom og fra eiere av 476/112 for at tiltaket ligger nærmere enn 4-meter til deres eiendomsgrense. Disse samtykkene vil bli ettersendt til kommunen.

Kommunen sin vurdering

Kommunen har vurdert innkomen merknad frå eigar av gbnr. 476/68. Merknaden gjeld bekymring for at naust ved moloen på sørsida kan verte påverka av tiltaket eller verte negativt påverka av tiltaket.

Kommunen viser til at tiltakshavar og ansvarleg søkjar har vore i dialog med dei aktuelle eigarane av naust og eigedomar nær tiltaksområdet. Det går vidare fram av søknaden at Kystverket vil innhente nødvendige skriftlege samtykke frå berørte grunneigarar der tiltaket kjem inn på privat eigedom eller vert plassert nærare eigedomsgrense enn det som elles er tillate etter plan- og bygningslova.

Kommunen vurderer at omsøkte tiltak i hovudsak er knytt til eksisterande samferdselsanlegg og nødvendig oppgradering av eksisterande bru- og infrastrukturløysing. Etter kommunen sin vurdering vil tiltaket ikkje medføre vesentleg ulempe for eksisterande naust eller lovleg bruk av desse. Tiltaket er vidare avgrensa i omfang og lokalisert i eit område som frå før er prega av veg, molo og teknisk infrastruktur.

Kommunen legg òg vekt på at tiltaket er vurdert som nødvendig av omsyn til samfunnstryggleik og trygg tilkomst til Terøya. Det er ikkje kome fram opplysningar i merknaden som tilseier at tiltaket ikkje kan gjennomførast slik det er omsøkt, eller at ulempene for naboeigedomar vert urimelege.

Merknaden er etter dette vurdert, men vert ikkje tillagt avgjerande vekt i saka.

Utføring

Tiltaket skal utførast i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter, inkludert byggteknisk forskrift (TEK17).

Ansvar og uavhengig kontroll:

Vi har lagt til grunn at funksjonar og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendige ansvarsrettar for rammeløyve.

Konklusjon

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, plankravet i kommuneplanen sin arealdel, reguleringsformålet «naust» i reguleringsplan for Søyvik–Gamlem del 2, arealformålet «friluftsområde i sjø» i kommuneplanen for Haram og veglova § 29, samt søknad om rammeløyve for sanering og riving av eksisterande kai ved Terøybrua og etablering av ny bru på Terøymoloen på gnr. 478 bnr. 5 m.fl., vert godkjend jf. plan- og bygningslova § 19-2 og § 21-4 på følgjande vilkår:

1. Korrigerte teikningar og oppdatert situasjonsplan skal sendast inn før igangsetjingsløyve kan givast. Dokumentasjonen må vise korrekt frisiktsone på 10 x 72 meter mot fv. 527, i samsvar med uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
 2. Skriftleg samtykke frå eigarane av gbnr. 476/6 og 476/118 for tiltak på deira eigedomar, samt samtykke frå eigar av gbnr. 476/112 for plassering nærare nabogrensa enn 4 meter, skal sendast inn før igangsetjingsløyve kan givast.
-

Andre opplysningar:

Du har rett til å klage på vedtaket, sjå vedlegg for meir informasjon om klagerett i byggesaker. Aktuelle partar blir underretta om vedtaket.

Gebyr blir fakturert i samsvar med satsar fastsett i kommunestyret, og blir sendt til deg seinare.

Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Om byggearbeidet ikkje er satt i gang innan tre år, eller om arbeidet vert innstilt i meir enn to år, må du søke på nytt, jf. plan- og bygningslova § 21-9. **Arbeidet kan ikkje starte før igangsetjingsløyve er gitt.**

Gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og reguleringsføresegner skal følgast, med mindre du har fått uttrykkeleg dispensasjon.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 26/692» og gbnr. 478/5.

Ved å gå inn på «Innsyn» på heimesida til Haram kommune kan du søkje på arkivsaksnummer eller gnr./bnr. og finne dokumenta i saka.

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk gjerne eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 26/692. Les meir om eDialog på: <https://haram.kommune.no/edialog>

Med helsing
Bent Leite
tenesteleiar

Chuyun Hu
ingeniør
Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Kystverket

Postboks 1502

6025

Ålesund

Vedlegg:

3_KART_Avkjoerselsplan_10266044-RIVeg-TEG-004_Rev0_Y001
4_TEGN_TegningNyttSnitt_10266044-RIVeg-TEG-002_Rev0_F001
5_TEGN_TegningNyttSnitt_10266044-RIBko-TEG-100_Rev0_K100
6_KART_Situasjonsplan_10266044-RIVeg-TEG-001_Rev0_C001
22_TEGN_TegningNyttSnitt_10266044-RIVA-TEG-002_Rev0_G021
24_TEGN_TegningNyPlan_10266044-RIVA-TEG-001_Rev0_G001
31_Gjennomføringsplan_Gjennomføringsplan

Orientering om klagerett i byggesaker - Haram kommune - Plan

		Lovheimel:
Kven har rett til å klage?	Den som er part i saka, eller som har rettsleg klageinteresse, kan klage på vedtak i byggesak.	Forvaltningslova (Fvl.) § 28
Kva kan du klage på?	Enkeltvedtak, dvs. vedtak som er bestemmende for rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Du har ikkje rett til å klage på forhold som er avgjort i bindande reguleringsplan eller dispensasjon, etter at fristen for å klage på dei vedtaka er gått ut.	Fvl. § 28, jf. § 2.
Klagefrist	Klaga må vere postlagt innan tre (3) veker etter at du fekk melding om vedtaket. Det vil si at du må sende klaga innan tre veker frå den dagen melding om vedtaket vart lagt i di postkasse, postboks eller blei levert på anna måte. Om du ikkje har fått melding, er klagefristen tre veker frå du fekk eller burde skaffa deg kjennskap til vedtaket. Sjølv om klaga blir sendt for seint kan kommunen behandle klaga dersom a) du ikkje kan lastast for at fristen ikkje blei haldt eller for å ha drygd med å klage etterpå, eller b) det er «særlege grunner» til at det er rimeleg at klaga blir prøvd.	Fvl. §§ 29 og 30 Fvl. § 31
Kva må du ta med i klaga?	Klagen må: - vere signert - angi kva vedtak det klagast på - angi kva endringar ein ønsker - eventuelt gi opplysingar om oppfylling av klagefrist (om det er tvil om klaga er sendt til rett tid). I tillegg bør klagen vere grunngitt, og gi eventuelle andre opplysingar som kan ha betyding for kommunen si vurdering. Om det er feil eller manglar ved klaga, få du ei kort frist for å rette eller utfylle klaga.	Fvl. § 32
Kven kan du klage til?	Klaga skal sendast til: Haram kommune Plan I PELT (Plan Eigedom Landbruk Teknisk) Postboks 33 6282 Brattvåg	Fvl. § 28

	Eller du kan bruke eDialog eller e-postadressa til kommunen.	
Vidare saksgang:	Klaga blir først vurdert av den instansen som har gjort vedtaket. Om tenestekområdet ikkje finn grunn til å endre sitt vedtak blir saka behandla i Planutvalet (PU). Om PU held fast ved det opphavlege vedtaket, vil saka blir sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.	Fvl. § 33
Når blir klaga behandla?	Innan åtte – 8 – veker	SAK § 7 – 1, jf. § 7 – 2 fjerde avsnitt.
Kva skjer med byggearbeidet i mellomtida?	Sjølv om det er klaga over vedtaket, kan ein gjennomføre vedtaket straks det er gjort. Det betyr at byggearbeidet kan starte, så snart det er gitt igangsettingstillatelse. Kommunen kan bestemme at arbeidet ikkje kan starte opp før klaga er avgjort, om kommunen finn grunn til det.	Fvl. § 42
Rett til innsyn og rettleiing	Part i saka har rett til rettleiing. Partane har normalt også rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Du finn dei fleste sakene og dokumenta på heimesida til kommunen ved å velje «Innsyn». Om dokumenta ikkje er tilgjengelege der, kan du vende deg til kommunen med spørsmål om innsyn via e-postadressa på heimesida til Haram kommune.	Fvl. § 11 og § 18.
Rett til å krevje grunngjeving:	Om vedtaket ikkje er grunngjeve, har du som er part i saka rett til å få særskilt grunngjeving for vedtaket. Klagefristen blir utsett til etter at du har fått grunngjevinga.	Fvl. § 24 og § 25
Kostnader ved å klage	Du kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjeld visse grenser for inntekt og formue. For meir informasjon om dette ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eller advokat. Om du får medhald i klaga kan du i nokre tilfelle krevje dekning for vesentlege kostnader som har vore nødvendig for å endre vedtaket til din fordel.	Fvl. § 36